




Vik kommune

# Overordna arealstrategi i samfunnsdelen til kommuneplanen

Arbeidsverkstad med  
kommunestyret,  
ungdomsrådet og  
eldrerådet 15.5.2025



Kjelde: KPA 2024

VERDSARV  
Vestnorsk fjordlandskap



VERDSARVKOMMUNE



Vestland sin berekraftsmodell. Kjelde: Tilpassa etter original fra Stockholm Resilience Center. Bearbeidd for Vestland fylkeskommune.

## Mål med arbeidsverkstaden:

- Å styrke deltakarane sine kunnskapar om arealstrategien, til det vidare arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel
- Å gje administrasjonen innspel til revisjonen av arealstrategien i samfunnsdelen

## Program:

1. Kva er kommunen sin overordna arealstrategi og kvifor finst det? (20 min)
2. Gruppearbeid: Spørsmål knytt til arealstrategi (70 min, inkl. kort pause)

## Bru mellom samfunnsdelen og arealdelen til kommuneplanen

- Arealstrategi er eit **verkemiddel** som *Planlovutvalet* (NOU 2001:7; NOU 2003:14) i si tid føreslo for å sikre ein **better samanheng mellom kommunen sine overordna samfunnsmål**, fastlagt i kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS), **og arealdisponeringa**, fastlagt i kommuneplanen sin arealdel (KPA).
- **Behovet** for ein slik koplingsmekanisme blei, allerede før ny *Plan- og bygningslov* blei vedteke i 2008, påpeika i *Riksrevisjonen* sin undersøking av plansystemet **ut frå eit berekraftperspektiv** (*Riksrevisjonen*, 2007).
- *Planlovutvalet*: Arealstrategien skal haldast på eit **overordna og prinsipielt nivå**, og den skal **vise korleis nasjonale mål og retningslinjer er ivaretaken**. Den skal vise **samanhengen mellom ønska framtidig samfunnsutvikling og arealbruk i eit lengre tidsperspektiv**.
- Dermed kunne **arbeidet med arealdelen byggje på politisk vedtekne styringssignal** for framtidig arealdisponering.

## Overordna føringar for kommunal planlegging

I planprogrammet for samfunnsdelrevisjonen skreiv vi:

*Det er mange overordna føringar som må takast omsyn til i kommunal planlegging. Dei som blir sett på som viktigaste for arbeidet med planstrategien og samfunnsdelen til kommuneplanen er:*

- *Plan- og bygningslova*
- *Statlege planretningslinjer (SPR) og riks-politiske retningslinjer (RPR)*
- *Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging*
- *FN sine berekraftsmål*
- *Utviklingsplan for Vestland (regional planstrategi)*

## Nasjonale forventningar 2023-2027

Kommunal planlegging skal fremje berekraftig utvikling.  
Regjeringa peikar på fem viktige område:

1. Samordning og samarbeid i planlegginga
2. Trygge og inkluderande lokalsamfunn
3. Velferd og berekraftig verdiskaping
4. Klima, natur og miljø for framtida
5. Samfunnstryggleik og beredskap



## Nasjonale forventningar 2023-2027

*Ein arealstrategi i samfunnsdelen er viktig for å klargjere kommunestyret sin langsiktige arealpolitikk og korleis nasjonale og regionale føringar og mål skal følgjast opp. Når arealstrategien blir lagd til grunn for revisjon av arealdelen i kommuneplanen, bidreg dette til at ein ser areal- og samfunnsutviklinga i samanheng.*

*Samfunnsdelen skal følgjast opp i planlegginga i sektorane og i økonomiplanlegginga. For å styrke oppfølginga av samfunnsdelen, kan handlingsdelen i kommuneplanen slåast saman med økonomiplanen.*

**NORCE-rapporten 2021:** *Det er realistisk å forvente at distriktskommunenes arealstrategier vil være preget av kompromiss mellom det et flertall anerkjenner er nødvendig for å sikre klima/miljø-utslippsreduksjon – og det som et flertall anerkjenner som det sikreste grunnlaget for fortsatt samfunnsliv i ofte utsatte distriktskommuner: Jobb- og verdiskaping.*



Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023–2027

Vedteke ved kongelig resolusjon 20. juni 2023



Kommunal- og distriktsdepartementet

4. Ein langsiktig arealstrategi inngår som del av samfunnsdelen i kommuneplanen, og blir lagd til grunn for arealdelen i kommuneplanen.

## Kva er arealnøytralitet?

Store norske leksikon:

*Arealnøytralitet viser til prinsippet om å bygge opp arealer av natur for å kompensere for natur tapt ved utbygging andre steder. I sum blir da det samlede arealet til natur som før. Arealendringer er en av de største påvirkningsfaktorene for truede arter.*


*Arealnøytralitet fremmer forvaltning over forbruk av areal. Dette kan for eksempel være gjenbruk av arealer gjennom fortetting i allerede utbygde områder, eller å gjenskape eller restaurere natur for å kompensere for habitatødeleggelse eller habitatfragmentering andre steder.*

*Målet med arealnøytralitet er å oppnå netto null tap av natur, i tråd med anbefalingene fra FNs naturpanel i forbindelse med naturkrisen.*

## Kva er arealnøytralitet?

*For å sikre en bærekraftig utvikling forutsettes det at tiltakshierarkiet legges til grunn i arealplanlegging. Dette går ut på at arealtiltak følger følgende hierarki:*

- 1. unngå** (nedbygging av natur gjennom fortetting eller omdisponering av industriområder)
- 2. avbøte** (med tiltak som for eksempel viltoverganger eller andre miljøtilpasninger)
- 3. restaurere** (tilbakeføre tidligere ødelagt natur ved å fjerne inngrep som veier med videre)
- 4. kompensere** (flytte en naturtype før nedbygging eller gjenskape/verne tilsvarende andre steder)



Hierarkisk framstilling av tiltak for å unngå negativ påvirkning ved planlagt arealbruksendring, for eksempel veibygging.

Tiltakshierarkiet  
Av Kommunal- og distriktsdepartementet.  
Lisens: Begrenset gjenbruk

Kjelde: Store norske leksikon

## Kommunen sin gjeldande arealstrategi (i KPA 2024)

### Generelt

- Kommuneplanen skal leggje til rette for busetting og næringsutvikling i bygdene, og god forvaltning av natur og kulturarv i heile kommunen
- Dyrka og dyrkbar jord skal så langt råd skjermast for utbygging. Areal registrert som *kjerneområde landbruk* bør generelt ikkje nyttast til utbyggingsformål
- Det skal leggjast vekt på god avgrensing mellom landbruksområde og byggeområde
- Det skal satsast på Vangsnes som framtidig utbyggingsområde for bustader og næring, m.a. for å avlasta press på sentrumsnære landbruksareal i Vik sentrum/Flatbygdi
- Ny utbygging skal så langt råd leggjast til område der ein kan gjera seg nytte av eksisterande infrastruktur for veg, vatn og avlaup
- Det skal leggjast opp til fortetting og/eller gjenbruk av eksisterande utbygde område
- Arealplanar/planar for utbygging skal ha som eit viktig mål å redusere behov for transport
- Verdifulle areal for rekreasjon og friluftsliv, og naturområde med særlege kvalitetar, skal skjermast for utbygging/inngrep ut over enkel tilrettelegging for friluftsliv
- Bygging i strandsona skal i hovudsak avgrensa seg til område som alt er utbygde. Attverande attraktive areal og strekningar i strandsona bør sikrast som fellesgode
- Det kan opnast for spreidd utbygging som ivaretak omsynet til busetting, og som ikkje er i strid med viktige samfunnsinteresser

## Kommunen sin gjeldande arealstrategi (i KPA 2024)

### Bustadområde

- Nye større byggeområde for bustader bør liggja i gang/sykkelavstand frå skule/barnehage
- Det skal planleggjast for høg arealutnytting i og nær Vik sentrum
- Ny bustadbygging i sentrumsområdet skal i hovudsak vere konsentrerte småbustader

### Hyttebygging

- Hyttebygging skal i hovudsak skje som fortetting/utbygging av eksisterande område, evt. i nye regulerte felt
- Ny hyttebygging i høgfjellet skal avgrensast til moderat fortetting av eksisterande utbygde område i Skjelingen og Fosse/Hestavollen, av omsyn til m.a. drikkevatn, villrein og friluftsliv

### Næring og liknande

- Det skal vere eigna areal for næring og liknande i alle sokner
- Større område for næringsformål bør lokaliseras nær hovudveg og hamn

## Naudsynte endringar i arealstrategien?

- Arealrekneskap som verktøy
- Planreserven skal svare til behovet i planperioden
- Omsyn til karbonrike areal (t. d. myr), overvatn (flaumvern), vernskog (mot ras og skred), m.m.
- Sikre langsiktige og trygge vass- og avløpstjenester (areal til reinskeanlegg for kloakkvatn frå Vik sentrum)
- Høgfjellet: Ingen fortetting av hytter utover i vedtekne reguleringsplanar, ingen nyregulering
- Areal til grøn industri og grøn næring med god tilgang til kraft
- Begrensing av akvakultur?